

Forvaltningsplan for Ornes



Del 1 og 2 Grunnlagsdokument - 2012

TID

IDENTITET

tid er ein eigenskap og kvalitet på Ornes
det tek si tid å gå opp, ned og bort bakken,
det tek si tid å sjå ornes og urnes stavkyrkje

ORNES

tid og rytme i kvardag og kvile på ornes
sin eigen rytme og bruk av tid styrkar stadens identitet, livskvalitet og samfunn

Figur 1. Tekst og foto: Mona Elisabeth Steinsland/Sogn og Fjordane fylkeskommune

Forord

Med historia inn i framtida

Ordet Urnes – kyrkja og garden. Namnet tek oss med tilbake, til mellomalderen og ei fjern fortid. Me ser føre oss bilet av stavkyrkja i det mektige fjordlandskapet berre ved å høre ordet Urnes. I fleire tusen år har det budd folk i bygda Ornes. Deira levemåte har vore med å forma landskapet slik det står fram for oss i dag, med gardstun og naust, åker og bøar, vegar og steingardar, bautastein og gravhaugar. Historia er tett på oss her. Samstundes er Ornes ein levande plass der folk bur og livnærer seg. Det er dette samspelet mellom notid og fortid som gjer det til ein spanande plass å bu og besøke.

Staden Ornes er forholdsvis liten og med mange interesser. Her skal ein ta i vare kulturminna, det moderne jordbruksretta, turistar og dei fastbuande. Det skal òg vere rom for ny næring og utvikling av området, med kulturminna som ein sentral ressurs. Utfordringane er å finne den gode balansen mellom vern og bruk. Urnes stavkyrkje med sin verdsarvstatus har ei sterk tiltrekkingsskraft for både turistar og forskrarar. Dei mange besökande i sommarsesongen skaper liv og kan vere eit næringssgrunnlag for dei fastbuande. Men dei kan også vere ei utfordring i samspel med gardsdrift og for trivselen til innbyggjarane på Ornes.

Forvaltningsplanen for Ornes skal vere eit verktøy til å ta i vare dei ulike interessene på ein god og framtidsretta måte. Den skal bidra til å ta vare på og vidareutvikle kvalitetane og verdiane som er der og samtidig bidra til utvikling av både næring og busetnad på Ornes.

I arbeidet med forvaltningsplanen har innbyggjarane på Ornes vore viktige samarbeidspartnarar, som har kome med mange og gode innspel. Me vil difor rette ein takk til dei for verdifulle bidrag i arbeidet med forvaltningsplanen. Planen skal vere eit verkty for å ta vare på det samarbeidet som er etablert og arbeide vidare for at dei som bur på Ornes, Luster kommune og Sogn og Fjordane fylkeskommune saman kan bidra til ei god utvikling.

Åshild Kjelsnes

Åshild Kjelsnes
fylkesordførar



Ivar Kvalen
ordførar

Innhold

Forord	i
Samandrag.....	ii
1. Forvalningsplanarbeidet for Ornes	1
1.1 Bakgrunn	1
1.2 Føremål med forvalningsplanen	4
1.3 Kort historikk	5
1.4 Ornes og landskapet.....	5
1.5 Grunnlagsdokument for planarbeidet.....	6
2. Landskap og samfunn.....	8
2.1 Innleiing	8
2.2 Verdiar i landskapet.....	8
2.3 Samfunnsrom og møtestader.....	10
Besøkssenteret.....	11
Støpulshaugen.....	11
Oppsummering.....	11
2.4 Kulturlandskapet	12
Dagens kulturlandskap	12
Verdifulle kulturlandskap i fylket	12
Oppsummering.....	13
2.5 Kulturminne	14
Kulturminne på Ornes	14
Nyare tids kulturminne.....	15
Bygningsmiljøet	15
Oppsummering.....	16
2.6 Eit levande lokalsamfunn	17
Befolkning.....	17
Bygder og bygdeliv	18
Oppsummering.....	18
2.7 Næringsliv og verksemder.....	19
Næringsverksemder og entreprenørånd.....	19
Trendar framover	19
Turisme.....	19

Oppsummering.....	19
2.8 Samferdsle og infrastruktur.....	20
Sørsidevegen	20
Ferja.....	20
Parkering	20
Beredskap.....	20
Oppsummering.....	21
2.9 Buffersone – omsynssone	22
Oppsummering.....	24
Vedtak	25
Luster kommune	25
Sogn og Fjordane fylkeskommune	27
Vedlegg og kjelder	28
Vedlegg:.....	28
Kjelder/litteratur:	28

Samandrag

Føremålet med forvaltningsplanen er å bidra til å ivareta Urnes stavkyrkje som verdsarvobjekt, og styrke lokalsamfunnet si rolle som verdsarvforvaltar på Ornes. Verdsarvstatusen i dag omfattar Urnes stavkyrkje med mellomalderkyrkjegarden inkludert ei sikringssone til fem meter utanfor murane. I arbeidet med forvaltningsplanen for buffersona må ein ta utgangspunkt i verdsarvminnet og dei behova som er på staden. Hovudmålet med forvaltningsplanen vil vere å forvalte verdsarvminnet og dei verdiane det kan gi til den lokale og regionale verdiskapinga.

Stadkjensleprosjektet og seinare intervju syner at tilreisande si opplevinga av stavkyrkja er sterkt knytt til natur- og kulturlandskapet. Dette bør takast vare på gjennom styrka landskapspleie og lokal beredskap.

Nedlegging av gardsdrift og tilpassingar til nye driftsformer i landbruket har ført til attgroing av område som tidlegare var ope kulturlandskap. Det er difor viktig å betre støtteordningar for å ta vare på kulturlandskapet, og for å sikre gode nok driftsvilkår til å oppretthalde gardsdrifta.

Kulturminne i området dekker eit stor tidsspenn. Kulturminna utgjer ein viktig del av historia til staden og legg føringar for kva som kan skje, samstundes som dei utgjer eit unikt utgangspunkt for identitet og formidling. Høgestein, gravhaugar, rydningsrøyser og nyare tids kulturminner er lette å ta i bruk i så måte.

Bygningsmiljøet har vore meir stabilt, men er i dag prega av at fleire bygg ikkje lenger er i bruk. Det er her viktig med ein kulturminneplanen som vil ta stilling til kva bygg som er verneverdige, og korleis bruken av desse kan vere og korleis vedlikehaldet skal finansierast. Dei mange turistane som besøkjer Urnes stavkyrkje kan òg vere ein ressurs for bruksendring for dei som ønskjer det. Manglande bruk og vedlikehald er eit trugsmål over tid, men brann kan føre til raske irreversible tap.

Undersøkingar syner at opplevinga av stilla og roa på Ornes er viktig. Dette er ei av dei rammene som bør sikrast med god styring av turiststraumen i høve bil- og busstransport, samt klare retningslinjer for å unngå støyande reiselivaktivitetar som t.d. sightseeingflyging med helikopter

Folketalet på Ornes har gått ned dei siste åra. Hovudårsaka til dette er endringar i landbruket. Det er difor viktig å unngå ytterlegare reduksjon i landbruket. Samstundes bør det stimulerast til etablering av nye verksemder og vekst av eksisterande og gode pendlarvilkår. Vidare bør rammevilkår som bidreg til auka bulyst styrkast. Ornes har tette samband med delar av sørsida, samt Sølvorn. For at Ornes skal vere sterk er vidare samarbeid med nabogrendene sentralt. Godt samband over fjorden, og trygg sørsideveg er framheva som svært viktig.

Det er komplekse utfordringar med forvaltning av landskapet rundt Ornes. Det er difor føreslege ei grense for buffersona, som og vert fremja som forslag til omsynssone i kommunedelplan for arealbruk. Betring av dei langsiktige rammevilkåra er sentralt for dei som driv gardsdrift, næringsverksemd og som bur på Ornes og dei nære omgjevnadane. Ei UNESCO-godkjent buffersona er truleg naudsynt for å styrke dei langsiktige rammevilkåra. I tillegg bør det gjevast føringar i kommuneplanen på kva som vil vere rammer for tiltak innafor den føreslegne omsynsona.

1. Forvaltningsplanarbeidet for Urnes

1.1 Bakgrunn

Riksantikvaren (RA) gav i 2007 Sogn og Fjordane fylkeskommune i oppdrag å utarbeide ein forvaltningsplan for området rundt verdsarvstaden Urnes. UNESCO krev at alle verdsarvområda skal ha ein forvaltningsplan. Kvart 6. år skal situasjonen for verdsarvstatusen rapporterast til UNESCO. Forvaltningsplanen skal bidra til å forvalte verdsarvminnet og dei verdiane det kan gi til den lokale og regionale verdiskapinga, samt definere korleis offentlege og private aktørar på ein på best mogleg måte kan samarbeide om oppgåva.


Arbeidet med denne forvaltningsplanen gjeld også definisjon av mogleg buffersone rundt verdsarvstaden Urnes stavkyrkje. Dersom buffersona skal verte offisiell buffersone for verdsarvstaden, må den godkjennast av UNESCO.

Urnes stavkyrkje vart innskriven i 1979. Original innskrivingsteksten til Urnes stavkyrkje til høgre i tabbelen nedanfor. Som del av den periodiske rapporteringa til UNESCO har Riksantikvaren i 2012, etter krav frå verdsarvkomiteen, utarbeidd «Statement og Universal Value» for Urnes (Vedlegg 12).

Lagt til grunn i ICOMOS vurdering	As provided in ICOMOS evaluation
<p>Urnes kyrkje kan veljast for å representere den eineståande serien av trebygningar på verdsarvlista av ei rekke grunnar som saman gjer den til eit eksepsjonelt monument.</p> <p>- Det antikke: denne kyrkja, som ble bygd opp att mot midten av 11-hundretalet, inneheld nokre element frå ei stavkyrkje bygd omlag 100 år tidlegare. Plassering av denne blei avdekt i samband med utgravingar utført i 1956-1957.</p> <p>- Dei naturlege strukturane er eksemplariske og kjennast igjen ved bruk av sylinderiske stavar med terningskapítel og halvsirkelforma buar. Alle er utført i tre. Det Romanske arkitekturspråket i stein er uttrykt med lokale byggematerialale.</p> <p>- Den eineståande kvaliteten på den skulpturerte monumentale utsmykkinga som, spesielt på utsida, omfattar ornament på panel og element frå Viking tradisjon teke frå bygget som stod der tidlegare (10. århundre). Og inne ein fantastisk serie figurative terningskapítel frå det 11. århundre som utgjer opphavet til "Urnes stilene".</p> <p>- Rikdomen av liturgiske gjenstandar frå den middelalderske periode: Kristus, jomfru og St. John, elementer av ein støttebjelke, ein katedral av skulpturar tre, emaljerte bronse lysestakar, koronaen av lys, etc.</p> <p>- Det er ein utmerka bevaring av ei perfekt homogen samling. Dekorasjonar frå det 16. århundre (1601 og Ca 1700.) og restaureringar utført 1906 - 1910 som ivaretake autentisiteten totalt.</p>	<p>Urnes Church can be selected to represent this outstanding series of wood buildings on the World Heritage List for a number of reasons, which make it an exceptional monument.</p> <p>-Its antiquity: this church, which was rebuilt toward the middle of the 12th century, includes some elements originating from a stave church built about one century earlier whose location was revealed by the 1956-1957 excavations.</p> <p>-The exemplary nature of its structure which is characterized by the use of cylindrical columns with cubic capitals and semicircular arches, all of which use wood, the indigenous building material to express the language of stone Romanesque architecture.</p> <p>-The outstanding quality of its sculpted monumental decor which, especially on the outside, includes strap-work panels and elements of Viking tradition taken from the preceding building (11th century) and inside an amazing series of 12th century figurative capitals which constitute the origin of the "Urnes style production".</p> <p>-The wealth of liturgical objects of the medieval period: Christ, the virgin and St. John, elements of a rood beam, a cathedral of sculpted wood, enamelled bronze candlesticks, the corona of light, etc.</p> <p>-Excellent conservation of a perfectly homogeneous ensemble. The embellishments of the 17th century (1601 and ca. 1700) and the restorations of 1906-1910 totally observed its</p>

<ul style="list-style-type: none"> - Plasseringa av kyrkja innanfor det utrulege bakteppe av en isbredalen på nordsida av Sognefjorden. <p>ICOMOS tilrår at Urnes kyrkje vert teke opp i World Heritage List på grunnlag av Kriteriene I, II og III.</p>	<p>authenticity.</p> <p>-The location of the church within the remarkable backdrop of a glacial valley on the north bank of Sognefjord.</p> <p>ICOMOS recommends the inclusion of Urnes church on the World Heritage List on the basis of criteria I, II and III.</p>
---	---

Verdsarvstatusen i dag omfattar Urnes stavkyrkje med mellomalderkyrkjegården inkludert ei sikringssone til fem meter utanfor murane (fig. 2.).



Figur 2 Vedteke verdsarvgrense

I arbeidet med forvaltningsplanen er det teke utgangspunkt i ivaretaking av verdsarvminnet og dei behova ein har på staden.


Forvaltningsplanen for verdsarvområdet er ikkje juridisk bindande og vil difor vil ikkje ha noko formell status i høve kommuneplanens arealdel. Det er imidlertid ein intesjon at forvaltningsplanen skal vere retningsgjevande for arealforvaltninga av området og at han skal leggast til grunn for kommunen sitt strategiske arbeid med verdsarvforvaltning og innarbeidast ved revisjon av kommuneplanen sin arealdel.

Gjeldande reguleringsplan

Planen vart vedteken i april 1997. Føremålet med planen vart definert slik:

«Føremålet med reguleringsplanen er å sikre Urnes stavkyrkje verdige og vakre tilkomsttilhøve og omgjevnadar – i eit aktivt jordbrukslandskap. Planen er ikkje til hinder for tradisjonell landbruksdrift.»

Delar av området (rosa)er regulert til spesialområde etter plan- og bygningslova av 1987.



1.2 Føremål med forvaltningsplanen

Føremålet med forvaltningsplanen er å bidra til å ivareta Urnes stavkyrkje som verdsarvobjekt, og styrke lokalsamfunnet sin rolle som verdsarvforvaltar på Ornes.

Planen skal trekke opp rammer for korleis området rundt kyrkja kan utvikle seg. Planen skal også gje retningsliner for korleis Urnes stavkyrkje og Ornes kan vere ein ressurs for forsking/kunnskap, næringsutvikling, oppleving og formidling både på kort og lang sikt.

Forvaltningsplanen skal gje ei situasjonsskildring som skal dokumentere og grunngje lokalsamfunns-, landskaps- og kulturminneverdiar som er sentrale i relasjon til stavkyrkja, og dermed danne grunnlag for moglege tiltak for forvaltning av landskaps- og kulturminneverdiene rundt Urnes stavkyrkje.

Forvaltningsplanen skal vere eit grunnlagsdokument for alle med brukar- og forvaltningsinteresser på Ornes og vere styrande for aktørane sitt plan-, forvaltnings- og utviklingsarbeid.

Planen gjeld området utanfor det arealet som er skrive inn som UNESCO-lokalitet. Planen skal, gjennom forslag til tiltak for buffersona, vere eit av grunnlaga for å ivareta UNESCO-statusen. Iverksetting av planen vil skje gjennom kommunen si areal- og tilskotsforvaltning, fylkeskommunen si areal- og tilskotsforvaltning og RA si areal- og tilskotsforvaltning. Andre styresmakter kan verte forplikta så langt mål og tiltak vert innlemma i bindande planar etter plan- og bygningslova. Forvaltningsplanen vil også vere grunnlag for gjensidige avtalar mellom aktuelle partar i området.

Mål med forvaltingsplanprosessen:

- Klarlegge fakta om situasjonen i planområdet
- Konkretisere kvalitetar
- Klargjere moglege interessekonfliktar i planområdet
- Utarbeide framlegg til tiltak og verkemiddel
- Ta stilling til behovet for og eventuell avgrensing av buffersone

Mål med forvaltningsplanen:

- Avklare ansvarstilhøva mellom dei ulike aktørane som kan påverke utviklinga
- Gje eit grunnlag for aktørar med formelt planansvar knytt til arealforvaltning, kulturminneforvaltning m.m. i utarbeiding av sine planar.
- Gje eit vurderingsgrunnlag for handsaming av søknadar om tiltak i buffersona
- Utarbeide eit handlingsprogram med prioriterte tiltak og ansvarlege aktørar

1.3 Kort historikk

Urnes stavkyrkje vart bygd i 1130-åra og er saman med kyrkjegarden automatisk freda i medhald av Kulturminnelova. Kyrkja står i ei særstilling når det gjeld arkitektur og stilhistorie, og er eit sentralt verk i norsk kunst og kulturhistorie. Ho er rekna som den eldste av stavkyrkjene, og eit eksempel på svært godt handverk og særdeles fin treskurd. Ornamentikken i kyrkja er svært interessant og kan tidfestast til 1050-1100, noko som tyder på at mykje stammar frå ei tidlegare kyrkje. Den særmerkte Urnesstilen har sitt namn frå Urnes stavkyrkje. Stilen er kjenneteikna ved flotte utskjeringar av svært høg kvalitet (Riksantikvaren 2007).

Fortidsminneforeininga overtok eigaransvaret for Urnes stavkyrkje i 1881, og har etter dette hatt ansvar for drift og vedlikehald av kyrkja. Den Norske Kyrkja v/ Luster Kyrkjelege Fellesråd er eigar av kyrkjegarden og har ansvaret for stell og vedlikehald av denne. I 1979 vart Urnes stavkyrkje innskriven på UNESCO si verdsarvliste, medan kyrkjegarden kom med på eit seinare tidspunkt (UNESCO 2005). Det storslårte fjordlandskapet, som er eit viktig element for opplevinga av stavkyrkja, er og nemnd i samband med innskrivinga.

Kyrkja blir fortsatt brukt til kyrkjelege handlingar.

Ornes er truleg ein av dei tidlegaste rydda og bygde gardane langs Lustrafjorden. Rikt jordsmonn og gode klimatilhøve har gjort at bebruarane på sørsida av Lusterfjorden i hovudsak har livnært seg av fruktdyrking og husdyrhald.

Ornes fekk fast vegsamband i 1982, då vart vegen forlenga frå Kroken til Ornes. På førehand var vegen Skjolden-Kroken på sørsida av Lustrafjorden bygt i fleire etappar på 1960- og 1970-talet, og fullt opna fram til Kroken i 1974. Her går vegen gjennom tre store tunnelar: Kviteskreda 297 meter, Galdane 878 meter og Stokkanestunnelen 355 meter. Veg vidare til Kinsedal vart fullført hausten 1992.

1.4 Ornes og landskapet

Ornes som stad har ein særprega posisjon og orientering i høve Lustrafjorden. Lustrafjorden er ein fjordarm til Sognefjorden. Sognefjorden er primært orientert aust - vest, mens Lustrafjorden er orientert nord – sør. Sognefjorden utgjer eit stykke landskap og er eit naturobjekt av lokal, regional, nasjonal og internasjonal storleik som attraksjon og ressurs.

Urnes stavkyrkje er orientert aust - vest og plassert i skiljet mellom natur og kultur, i overgang mellom innmark og utmark.



Figur 3. Ornes og Solvorn

1.5 Grunnlagsdokument for planarbeidet

Det er utarbeidd ei rekke notat og rapportar som grunnlag for forvaltningsplanens grunnlagsdokument og handlingsdel. Dei fleste er her kort oppsummert og fleire ligg som vedlegg. I tillegg har det vore folkemøte og samtalar med innbyggjarar og andre som òg er del av grunnlaget.

1. Sluttrapport for Urnesprosjektet

Samarbeidsgruppa for grendelaga på sòrsida består av representantar frå grendelaga frå Ornes, Kroken og Sørheim. Urnesprosjektet var eit samarbeidsprosjekt i perioden 2004 – 2008. Initiativtakarane til prosjektet la lokal forankring som ein føresetnad for arbeidet. Hovudmålsetjing for Urnesprosjektet har vore å utvikle Ornes og glandene ikring og oppretthalde folketalet. Etter avslutning av Urnes prosjektet, har det frå juni 2008 vore tilsett ein bygdemedarbeidar i 15 % stilling. Utviklingsarbeidet er frå 2012 følgt opp gjennom ei deltidsstilling.

2. Fagrapport områdeforvalting av Ornes

Aurland Naturverkstad utarbeidde ein fagrapport i 2008. Fagrapporten gjev ein statusrapport for tilhøva på Ornes og har oversikt over tidlegare arbeid og planar for området og den gjev eit oversyn over gjeldande plan- og lovverk i området. I tillegg har den skissert ei rekke problemstillingar og utfordringar for den vidare prosessen. Fagrapporten har sett kulturminna, arkeologiske funn og

agrare spor i eit tidsperspektiv. Fagrapporten er vidare tufta på ein områdeanalyse med verdivurdering, vurdering av sårbarheit, utviklingspotensial og forvaltningsoppgåver. På det grunnlaget er det utarbeidd forslag til prioriterte tiltak, mellom anna framlegg til buffersoner for området.

3. Stadkjensleprosjektet

Aurland naturverkstad gjennomførte ei stadkjensleundersøking i 2009. Det er eit metodeopplegg med føremål å kartlegge aktuelle brukargrupper si oppleveling og oppfatning av det landskapet dei lever i, anten som fastbuande eller som gjest. Undersøkinga har gitt viktige innspel til arbeidet.

4. Utdrag frå fagnotat for Solvorn

Viser til Solvorn si historie og bygningsmiljø. Solvorn er ein viktig innfallsport til Ornes. Eigen forvaltningsplan for Solvorn er under utarbeiding.

5. Skjøtselsplan for Ornes

Etter råd i fagrapporten er det utarbeidd ein skjøtselsplan for delar av området. Det er no under utarbeiding skjøtselsplan for resten av Ornes. Desse gir godt grunnlag for gjennomføring av ønska kulturlandskapstiltak.

6. Makro-Meso-Mikro, Stad- og landskapsanalyse

Notat frå ei gjennomført stad- og landskapsanalyse i 2011. Denne supplerer fagrapporten som grunnlag for å forstå korleis ein oppfattar landskapet. Desse to gir grunnlag for utarbeiding av arealplanar og handsaming av søknader om tiltak.

7. Samfunnsrom og møtestader

Det er vurdert ulike samfunnsrom og møtestader, og føresleger tiltak og mogleg oppfølging.

8. Kulturlandskapsvurdering

Det er gjort ei utvida kulturlandskapsvurdering for å sikre meir fullstendig oversikt. Særleg viktig er bjørkehagen, som er ein tidlegare styrvingshage som no er i attgroing.

9. Kulturminnevurdering

Som tillegg til fagrapporten er det supplert med meir utfyllande om nyare tids kulturminne. Det gjeld særleg SEFRAK-bygg¹.

¹ Registrering av bygg frå før 1900, gjennomført ca 1980.

2. Landskap og samfunn

2.1 Innleiing

Del 2 av forvaltningsplanen inneholder samandrag frå grunnlagsdokumenta, saman med ein oppsummering og konklusjon. Konklusjonar med tilråding vil vere på temaområdar og for Ornes samla.

2.2 Verdiar i landskapet

Då Urnes stavkyrkje i 1979 vart innskriven på UNESCO si verdsarvliste, vart det gjort ei vurdering av neset og det storslårte fjordlandskapet i innskrivinga. Sjølv om UNESCO på den tida var meir oppteken av enkelt objektet enn av den store samanhengen som eit kulturminne stod i, syner vurderinga av landskapet at dette var i endring.

Etter kvart har det blir større merksemd på samanhengen som verdsarvminna er ein del av og dette har fått ein naturleg plass som del av opplevinga. I dette perspektivet er både neset og det store fjordlandskapet rundt stavkyrkja viktige element. Opplevinga byrjar lenge før ein kjem opp i tunet på Øvre Urnes og får visuell kontakt med kyrkja. Sjølv turen enten med ferja frå Solvorn eller langs vegen frå Skjolden er ein viktig del av denne opplevinga. Frå avstand kan landskapet på Ornes sjå einsarta ut, mangfaldet kjem først fram når ein kjem inn i landskapet. Då ser ein at landskapet er eit levande og aktivt lokalsamfunn der landbruket er den viktigaste næringa for kulturlandskapet. Landbruksdrifta består i dag i hovudsak av produksjon av frukt og bær, grasproduksjon og husdyrhald.



Figur 4. Ornes 2011, biletet syner det opne landskapet i dei områda der det framleis er jordbruksdrift og attgroinga i randsonane som er ute av drift. Foto: A. Bidne/SFF


Stavkyrkja og dei mange forhistoriske funna i området syner at Ornes har ei lang historie som busett område, sjå Fagrapport 1-2009, kap. 4.3.

I arbeidet er det gjort to supplerande stad og landskapsanalysar. I fagrapport 1-2009 er landskapet delt i 17 karakteristiske delområde innanfor Ornes. Områda er identifiserte med utgangspunkt i allmenn oppfatning av landskapet og har funksjonell avgrensing i høve planutfordringar. I omtalen av dei einskilde områda er det ei vurdering av sårbarheit, utviklingspotensial og forvaltningsoppgåver. (s. 30 i fagrapport 1-2009).

Fagrapporten gjer framlegg om å nytte buffersona som verkemiddel for å sikre landskapsverdiar. Det er også gjort framlegg om grenser og inndeling, samt retningsliner. (Aurland Naturverkstad Rapport 1-2009 side 58). Spørsmålet om buffersone er drøfta i kap. 2.9.

Det er i tillegg utført ein stadanalyse basert på Makro-Meso-Mikrometode (Notat 1-2011 M. Steinsland). Stadanalysen syner samanheng frå det store fjordlandskapet til dei små tiltak lokalt. Det vert lagt stor vekt på opplevinga for dei som møter Ornes og tek vegen opp til stavkyrkja. Analysen peikar på at landskapet på Ornes kan sjåast som ulike horisontale soner frå fjord til fjell. Klare verdiar i landskapet på Ornes er strandlina, den grøne bakken, skogen og kulturlandskapet med opne lysningar i det karakteristiske neset. Desse verdiane kan beskrivast som ei oppleving frå fjord til fjell jf. fig. 4. (M. Steinsland, N 1-2011)

Analysen viser til at Ornes har nokre tydlege lineære utbyggingsmønster. Den gir grunnlag for forståing av verdiar som bør ivaretakast og for korleis nybygging kan bidra til å styrke opplevinga. (M. Steinsland, N 1-2011)



Figur 5. Illustrasjon av horisontale snitt på Ornes. Mona Elisabeth Steinsland/Sogn og Fjordane fylkeskommune

Oppsummering

Grunnlagsmaterialet syner at opplevinga av Urnes stavkyrkje og er knytt til oppleving av det store landskapet. Området har klare strukturar som kan leggjast til grunn for nye tiltak, som ved rett

utforming kan bidra til å styrke opplevinga. For å ivareta det store landskapet og samfunnsromma på Ornes bør ein styrke den naturgitte grunnforma, karakterane og eigenskapane til neset. Ved å styrke det særeigne ved Ornes stettar ein opp om bakgrunnen og konteksten til stavkyrkja og verdsarverdiane knytt til denne. Aktuelle tiltak er føreslege i handlingsdelen.

2.3 Samfunnsrom og møtestader

Landskapet på Ornes har ulike samfunnsrom, der menneskets handlingar og eksistens føregår. Samfunnsromma tener som møteplassar for dei fastbuande og mellom fastbuande og besøkande. Samfunnsromma kan også ha praktiske funksjonar, som plassar for fruktbilen å hente frukt og der besøkande får informasjon. Samfunnsrommet må ivaretakast på best mogleg vis i høve natur- og kulturressursar på staden.

For mange av dei besøkande er kaien deira første møte med Ornes. Ferja og kaien bør styrkast. Kaien bør vere inviterande og innehalde informasjon om staden, jf. Notat 2-2011, Rapport 1-2009

Det bør vurderast utvida funksjonar for ferjepassasjerane på kaien.

Rasteplassen

Svingen ved fylkesvegen skal fungere som rasteplass og parkeringsplass for tilreisande og besøkande på Ornes. Den er ei viktig avlastning for tunet på Øvre Urnes og Stavkyrkja. Plassen kan styrkast for å syne stadens relasjon til Solvorn.

Øvre del av krysset - ved sandtaket inn mot bakken
- vert brukt til lasting av frukt og sal av nyplukka
frukt og bær.



Skulehuset på Ornes

Skulen var i drift til 1970-talet, då vart elevane flytta til Solvorn skule. Sidan då har huset vore grendehus.² Grendehuset ligg i bakken frå ferja mot kyrkja og har potensiale til å verte ein flott stoggeplass for besøkjande og fastbuande på Ornes.

Figur 6. Rasteplassen.. Foto: Mona Elisabeth Steinsland/Sogn og Fjordane fylkeskommune



² Alle data henta frå fylkesarkivet i Sogn og Fjordane <http://fylkesarkiv.no/> 1.nov 2011

Gardstuna

Tuna er private (private rom), men opne i samband med vegen og turisme. På Urnes gard er det kafédrift mm. Med auka turisme kan Ornes verte ytterlegare styrka dersom fleire tun vert opna for ulik bruk.

Kafeen ved Urnes gard er den einaste serveringsstaden på Ornes, og er etter ferga den staden med mest aktivitet. Her møtast turistar og fastbuande og det er vanleg å halde lokale arrangement som bursdagar, informasjonsmøte med meir på kafeen.



Figur 8. Kafeen på Urnes gard. Foto: Siren Juliussen/Sogn og Fjordane fylkeskommune

Besøkssenteret

Besøkssenteret for kyrkja ligg tett attmed Urnes gard og kafeen der, og tener som utstillingslokale, billettkontor og turistinformasjon for Urnes stavkyrkje. Senteret har toalett og to parkeringsplassar for rørslehemma. Elles er det lite parkeringsplassar i tilknyting til kyrkja og visningssenteret.



Figur 9. Visningssenteret på Ornes. Foto: Siren Juliussen/Sogn og Fjordane fylkeskommune

Støpulshaugen

Støpulshaugen er staden der støpulen (klokketårnet) stod fram til ca. 1680, då vart tårnet på stavkyrkja bygd. Traktorvegen forbi stavkyrkja fører til utmarka nedanfor Støpulshaugen. Frå Støpulshaugen kan folk sjå ned på kyrkja. Hjortegjerdt er grense mellom innmark og utmark. Området er eit av mange som har kvalitetar fleire kan oppsøke.

Oppsummering

Samfunnsromma og møteplassane er viktige for innbyggjarane og turistane. Vidare tilrettelegging på ferjekaia og på utvalde plassar langs vegen opp til Urnes stavkyrkje vil vere nytig. Tilrettelegging vidare til Støpulshaugen og andre plassar bør skje i samarbeid med innbyggjarane.

2.4 Kulturlandskapet

Dagens kulturlandskap

I fagrappoert 1-2009 vert det påvist at kulturlandskapet på Ornes har mange element frå det eldre tradisjonelle småskala jordbrukslandskapet, og kulturminne knytt til dette. Dette gir området ei lang tidsdjupne som bidrar til forståing av stavkyrkja, plasseringa av den og dei levekåra ein har hatt på Ornes frå forhistorisk tid og fram til i dag. I tillegg gjev dei ei estetisk ramme rundt verdsarvminnet som det er viktig å ta vare på for framtida.


Eit landskap endrar seg alltid over tid, ulike driftsformer eller avslutta drift har forma og vil fortsetje å forme landskapet på Ornes. Endringar frå 1865 til 2002 er godt omtalt i fagrappoert 1-2009, s. 27-29.

Åkerareala som er i bruk i dag er i hovudsak nytta som kultureng, frukthagar og bringebærfelt. Dette er viktige produkt for gardbrukarane på Ornes. Situasjonen med mykje randsoner og areal ute av drift har ført til at landskapet har endra karakter til dagens landskap der store delar er truga av attgroing. Denne endringa har auka på sidan ca. 1960. Samanliknar ein flyfoto av området frå rundt 1960, 1980 og i dag, ser ein tydeleg at landskapet gradvis er meir prega av attgroing jf. flyfoto i «Tid og rom modell over Ornes» (Fagrappoert 1-2009). Ser vi på området under eitt er det dei ytre delane av innmarka, lengst vekk frå tuna, som i dag er ute av drift.

I tillegg ser vi store endringar i tekniske strukturar som steingardar, steinrøyser og åkerreiner. Mange frå 1865 er vekke, mens mange nye har kome til. Særleg etter utskiftinga og truleg også som eit resultat av nydyrkninga på 1930-talet. Dei tekniske strukturane i landskapet som bakkemurar, steingardar og steinrøyser er viktige å bevare for framtida. Dei fortel om den tidlegare drifta av området, og bidreg til å gi området sin spesielle karakter. Tap av desse kulturminna vil føre til ein reduksjon av området sin kulturminneverdi. Ved å ta vare på dei og synleggjere dei vil dei gje området ein større opplevingsverdi, estetisk verdi og ei betre forståing for korleis ein livnærte seg på Ornes i tidlegare tider.

Verdifulle kulturlandskap i fylket

1993 vart området Feigum -Ornes vurdert av høgskulen i Sogn og Fjordane som eitt av 50 verdifulle kulturlandskap i fylket. Ornes inngår i dette landskapet særleg på grunn av stavkyrkja og ein bjørkehage på sørvestsida som er ein representativ kulturmarkstype for lauvingstradisjonen. Bjørkehagen som tidlegare gav nødvendig fôr til dyra er i dag ute av drift, manglende styving av trea vil over tid føre til at området endrar karakter og kan gå tapt. I 2007 vart området Feigum - Ornes også



vurdert av Luster kommune som eit kjerneområde for kulturlandskap med stor verdi. I tillegg vart Ornes vurdert som eit kjerneområde for jordbruk og matproduksjon. Luster kommune har lagt opp til at statusen som kjerneområde vert brukt som temakart for landbruk i den kommunale forvaltninga (Notat 1-2012).

Oppsummering

Opplevinga av Urnes stavkyrkje heng saman med eit aktivt kulturlandskap som vert teke vare på av folk (Stadkjensleprosjektet 1-2009). Området er eit regionalt og lokalt viktig kulturlandskapsområde. Det er og kjerneområde for matproduksjon i Luster. Likevel er det nedgang i aktive gardsbruk, og attgroing av eit viktig kulturlandskap. Det er difor behov for å styrke lønsemada og ønskje om vidare drift og vedlikehald av kulturlandskapet. Vidareføring av jordbruksdrifta på Ornes er heilt avgjerande for å oppretthalde kulturlandskapet. Det er eit ønskje å få synleggjort dei kulturminna som er med på å forme landskapet. Bakkemurar, steingardar og rydningsrøyser er viktige element i landskapet. Ved å hindre attgroing rundt desse vil ein på ny kunne få fram variasjonen i landskapet og den historiske dimensjonen. Aktuelle tiltak er føreslege i handlingsdelen.

2.5 Kulturminne

Kulturminne på Ornes

Med unnatak av Urnes stavkyrkje er kulturminna ikkje ein direkte del av innskrivingsgrunnlaget. Dei utgjer likevel ein viktig del av opplevinga og har potensiale til å styrke området. Fagrappor 1-2009 har sett saman og dokumentert at Ornes er rik på kulturminne frå eit stort tidsspenn. I tillegg er det utarbeidd eit utfyllande notat, særleg i høve SEFRAK-bygg og andre nyare tids kulturminne (Notat 2-2012). Det er gjort mange funn, undersøkingar, rapportar og forsking som er gode kjelder til kunnskap om området.


Kulturminna, som er frå eit svært langt tidsperspektiv, gjev oss kunnskap om korleis samfunnet var, kva ein livnærte seg av og spor etter religionsutøving. Vi har synlege kulturminne med tidsdjupne på eit par tusen år. Frå dei to gravhaugane, via Høgesteinen og stavkyrkja, til nyare tids kulturminne. Nyare tids kulturminne finn vi i form av bygningar, dagens kulturlandskap og tekniske strukturar.

Dei eldste synlege kulturminna på Ornes er gravhaugane Skiphaug og Ragnvaldshaug. I tillegg til bautasteinen Høgesteinen er alle automatisk freda. Den eldste av gravhaugane er Skiphaug. Ragnvaldshaug vart etablert noko seinare ca. 400-500 e.Kr. Om lag samstundes som Ragnvaldshaug vart bygd vart også Høgesteinen reist. Den står ved ein gamal veg opp frå fjorden mot klyngjetunet og kyrkja. Ser ein på teignamna på utskiftingskartet



Figur 11. Ragnvaldshaug. Foto: Mona Elisabeth Steinsland/Sogn og Fjordane fylkeskommune 2011

frå 1865 (Høgesteinholmen, Perhøgestein, Nilshøgestein) tyder det på at steinen står på sin opphavlege plass.



Figur 12. Kart som syner plassering av automatisk freda kulturminne på Ornes. Kartmateriale frå Fylkesatlas 2012.


Nyare tids kulturminne

I 1988 vart det gjennomført ei SEFRAK-registrering på Ornes og i den samanheng vart 18 bygningar registrert.³ Dei fleste bygningane som er bygd før 1900 er tatt med i dette registeret.

Bygningsmiljøet

Området er prega av bygningars tilknyting til gardsdrift, frå 1800 og 1900-talet. Det har ikkje vore gjort store endringar i plassering av bygningsmassen etter 1900. Det er bygd få hus etter ca. 1950, noko som gjer at bygningsmiljøet på Ornes med dei enkelte gardstuna, får ein heilskapleg karakter.

Blant dagens bygningars på Ornes er det fleire bygningsmiljø som peikar seg ut som viktige. Dei eldre bygningane i det gamle klyngjetunet og i området rundt stavkyrkja er viktige med omsyn til opplevinga av landskapet rundt stavkyrkja. Andre bygningsmiljø som til dømes naustrekkja



Figur 13 Bygningsmiljøet på Ornes er i stor Figur 22. Kart som syner plassering av freda og SEFRAK-registrerte bygningar på Ornes. Rosa trekant syner freda bygningar, raud trekant syner bygningar som er meldepliktige Kartmateriale - Fylkesatlas 2012



ved sjøen, dei tuna som er synlege frå sjøen og i traseen frå ferjekai til stavkyrkja er viktige for opplevinga av Ornes. Løa på Nedre Urnes er interessante, fordi denne er eit landemerke når ein kjem med ferga til Ornes. (Notat 2-2012)

Figur 14. Naustrekkja og tunet på Nedre Urnes og den karakteristiske raude driftsbygningen. Foto. Arlen Bidne/SFF 2011

Det er få bygningars til offentleg bruk på Ornes. Ein av desse er skulehuset (sjå figur 8), ein typisk skulebygning frå byrjinga av 1900-talet. Bustadhus i empire- eller sveitserstil, stabbur og uthus/driftsbygningars, som har ein høg grad av sitt opphavlege eksteriør intakt, er eksempel på bygningstypar på Ornes som det er interessant å bevare for framtida.

³ SEFRAK-registreringa er ei registrering av bygningars frå tida før 1900 og inneber ikkje noko formelt vern av dei enkelte bygningane.

På Ornes har det i mange år vore gjort mykje forskingsarbeid på stavkyrkja. Kristian Bjerknes⁴ bygde seg ei hytte nord for stavkyrkja, som etterkvart vart ein base for forskingsarbeidet. I eit kulturminneperspektiv er denne hytta difor interessant.

Nyare tids kulturminne er det fagområdet det har vore gjort minst arbeid på Ornes. Desse vil det vere behov for å undersøkje nærmere. Det bygde miljøet med bustadhus, driftsbygningar, uthus, næringseigedomar og ferjekaia vil her være interessant for ei nærmere undersøking. Det er behov for ei oppdatering av SEFRÅK-registreringa frå 1988 og ei vurdering av bygninga i området frå tida etter 1900.

Oppsummering

Kulturminna gir Ornes kvalitetar som bidreg til identitet for innbyggjarane og området. Kulturminna er viktige bidrag til opplevinga av Ornes og stavkyrkja. Heilskapen i kulturminneverdiane er viktig å sikre på ein god måte for framtida. Dette gjeld både dei godt synlege og kjende kulturminna, men også dei til no uregistrerte kulturminna som ligg uoppdaga under markoverflata og dei mange nyare tids kulturminne som til no ikkje er kartlagd. Det er også viktig at kulturminna vert opplevd som ein ressurs for innbyggjarane og forvalta slik at området sin karakter vert ivaretake/styrka. Aktuelle tiltak er føreslege i handlingsdelen.

⁴ «Bjerknes var en betydelig bygningsforsker med omfattende arbeider om stavkirker (Fantoft, Kaupanger og Urnes) og nyere bebyggelse» [SNL].

2.6 Eit levande lokalsamfunn



Befolknings

Ei av dei største utfordringane er nedgang i folketal (sjå tabell 2.1). Stort nok folketal er viktig for å oppretthalde viktige funksjonar og tenester. Sjølv om gjennomsnittsalderen er relativt høg, har det dei siste åra busett seg nokre yngre familiar.

Det er viktig å gjere det attraktivt for nyetablerarar og småbarnsfamiliar til å busetje seg på Ornes. Det er avhengig av både attraktive område å bu og byggja, ei sikra ferjedrift og

moglegheiter for arbeid på staden eller i akseptabel pendlaravstand. Dette er igjen avhengig av brei støtte i frå kommunen (med ev. regional medverknad) om å finna eigna plasser til utbygging, få til ein infrastruktur som fungerer og utnytte moglegheiter for lokalt næringsliv som til dømes ved Fjordatunet. Samarbeid med og engasjement frå dei nærliggjande bygdene (Solvorn, Kroken, Skjolden) er også viktig.

Folkemengd, etter grunnkrets, tid og statistikkvariabel. 14260201 Ornes inkludert Kinsedal											
2000	2001	2002	2003	2004	2005	2006	2007	2008	2009	2010	2011
Pers.	Pers.	Pers.	Pers.	Pers.	Pers.	Pers.	Pers.	Pers.	Pers.	Pers.	Pers.
66	64	63	61	57	56	55	47	48	43	41	47

Tabell 2.1 Kjelde: SSB 2011

Det må leggast til rette for framtidig tilflytting til Ornes. Det er også behov for god rettleiing og hjelp til modernisering/restaurering og påbygging av eksisterande hus.

Ei auka tilflytting vil kunne bidra til eit innslag av yngre bebuarar på Ornes med nye idear, vilje og ressursar til å utnytte og gjere næring på staden og av verdsarvstatusen.

Bygder og bygdeliv

Solvorn har viktige funksjonar for Ornes, Kinsedal og delvis Kroken. Det gjeld særleg Solvorn oppvekstsenter, butikken og tilkomsten med ferja. Kroken og Feigum er knytt til Skjolden skulekrins, men nyttar og ferja og butikken i Solvorn. Skjolden spelar og ei viktig rolle i høve samferdsle og butikk. Stadane er avhengig av kvarandre for å verte styrka som individuelle lokalsamfunn.



Figur 16. Utsikt mot Solvorn. Foto: Siren Juliussen/Sogn og Fjordane fylkeskommune

På sørssida utgjer også Kinsedal, Kroken, Feigum og Sørheim viktige samhandlings- og samarbeidsbygder for Ornes. I 2000 vart *Samarbeidsgruppa for grendelaga på sørssida* stifta med representantar frå dei fire sistnemnde bygdene. Samarbeidsgruppa har ei viktig rolle for samfunnet på sørssida av fjorden for sosiale tilstellingar, sosialt samhald og utvikling av det lokale næringslivet. Dei har blant anna teke initiativ til stiftinga av Sørssida utvikling AS (aksjeselskap med føremål om auka næringsutvikling og auka busetjing) og Sørssida eigedom AS (Fjordatunet; næringstunet i Kroken). Det er altså ein sterk vilje og entusiasme for å bevare og utvikle bygdene på denne sida av fjorden i Luster.

Oppsummering

Området består av fleire mindre bygdesamfunn som gjennom samhandling blir sterkare. Det er viktig å oppretthalde og auke folketalet for alle stadane, for å ta vare på butikk, skule og samferdsle. Styrking av busetnad og bygdeliv er viktig for at dei i sum skal vere sterke nok til å stå i mot sentraliseringstrendar. Hjelp og støtte til tiltak, bygdeutvikling og busetnad vil vere sentralt. Aktuelle tiltak er føreslege i handlingsdelen.

2.7 Næringsliv og verksemder

Næringsverksemder og entreprenørånd

Det er registrert 14 næringsverksemder på Ornes, i hovudsak innan landbruk med produksjon av frukt og bær, grasproduksjon og husdyrhald. I tillegg er det registrert ei turistverksemd, ein tømrar og ei verksemder innan reparasjon og vedlikehald av skip og båtar, samt fleire aktørar som er involvert i passasjertransport og skysstrafikk, deriblant ferja, og ei ny konsulentverksemd som driv innan maritim kompetanse.

I forhold til innbyggjartalet på Ornes så er talet på verksemder og entreprenørar høgt. Dei ulike aktørane på Ornes er flinke til å nytte kunnskapar og tradisjonar på staden og særleg landsbruksnæringa på Ornes evnar å føre produksjonen inn i ei ny tid der turisme og kultur utgjer ein viktig del av innteningsgrunnlaget. Denne entreprenørånda gjeld også for verftet og skipsfartskompetansen på Ornes, som samstundes samarbeider og stettar også dei andre aktørane innan skysstrafikk og maritim konsulentverksemd.

Trendar framover

Dagens turistverksemder og transportselskap melder om ein trend der fleire turistar, både norske og utanlandske ønskjer å oppleve området i sin heilskap, med besøk både på Ornes og til bygder som Solvorn og til attraksjonar som Breheimenteret og Nigardsbreen i Jostedalen. Turistane ønskjer også autentiske mat- og kulturtildelinger⁵. Særleg norske ferierande, langhelgreisande og bedriftsmarknaden synast å setje meir pris på heimlege kvalitetar og lokalkultur og vel gjerne reisemål innanlands⁶.

Turisme

Desse trendane og ein auke i turismen skaper grunnlag for at næringsverksemder basert på turisme kan vekse fram i Ornes. Det vert såleis viktig å støtte opp om aktørar som ønskjer tilleggsnæring eller heilårsnæring basert på turisme i området. Dette kan vere aktørar innan lokalmat og servering, guiding og opplevelingar, så vel som tilbydarar av pakketurar. På sikt kan auka turisttrafikk gje for stort trykk på kyrkja, og såleis bør også nye tilbod vurderast, med merksemd på tolegrenser. Kommunen og regionen har fleire kulturminneopplevelingar å tilby, og bør fokusere på å finne ein modell for å integrere økonomisk lønnsemd i tilboda. Verdsarvstatusen gjev eit godt grunnlag for å profilere Urnes Stavkyrkje og naturen rundt både nasjonalt og internasjonalt.

Oppsummering

Området har potensiale til vidare utvikling innafor m.a. turisme. Det er likevel viktig at vidare satsing skjer med utgangspunkt i dei verdiar og kvalitetar som kjem fram av forvaltningsplanen. Godt samband langs og over fjorden er viktig for næringsliv. Aktuelle tiltak er føreslege i handlingsdelen.

⁵ Funn basert på samtaler med tilbydarar av skyss og attraksjonar i indre Sogn, samt rapport frå ICRPS summer school (ref)

⁶ Rusten G. Iversen M. N. Hem E. L. (red). *Våronn med nye muligheter* 2007. Fagbokforlaget Vigmostad og Bjørke AS

2.8 Samferdsle og infrastruktur

Sørsidevegen

Sørsidevegen går til Skjolden, og dei fleste turistbussane kjem om sørsidevegen. Når det ikkje er ferjeruter, er omkjøring via sørsidevegen til/frå Solvorn alternativet. Omkjøringa er 72 km lang, og tek minimum 75 minutt å køyre. For bruken av sørsidevegen er det ei utfordring at vegen er utsatt for skred og ofte blir stengd i periodar om vinteren.

Ferja

Ferja og kaien er ein del av samfunnsrommet og eit offentleg samband som er livsviktig for Solvorn og Ornes. Men ferja over fjorden er også ein «institusjon», - ein ressurs og attraksjon med utviklingspotensiale. Ferja er hovudfartsåra for trafikk,(handel og arbeidspendling) til Solvorn, Hafslo, Sogndal mm.

Ferja er privat eigmend og får driftsstøtte frå Luster kommune og Sogn og Fjordane fylkeskommune. Sogn og Fjordane fylkeskommune har årleg rutekjøp inkludert skuleskyss for kr 450.000,- Avtalen gjeld ut 2013. I tillegg vart det i 2012 tildelt kr 400.000,- til å utvide skuldersesongen for reiseliv slik at den no er frå 01.05-31.09. I sommarhalvåret går ferja nær så hyppig som den har kapasitet til. Utanom turistsesongen er det få avgangar. Det er ikkje økonomisk grunnlag for eigarane til å utvide tilbodet om vinteren sjølv om det er sterke ønskjer i lokalsamfunnet om dette. På sommaren er det tilstanden på kaien på Ornes, samt parkeringsplassar i Solvorn, som set grenser for utviding av tilbodet med eventuelt ei større eller hurtigare ferje. Eigarane av ferja ønskjer ikkje å utvikle tilbodet sitt før kaien er utbetra og det er tilstrekkelig med parkeringsplassar i Solvorn til at enkeltreisande kan ta ferga over til Ornes. På godvêrdsdagar blir parkeringsplassane i Solvorn oppteken tilreisande badegjestar. Reisande til Ornes finn då ikkje nærliggjande parkering dei kan nytte.

Ferjesambandet Ornes – Solvorn er avgjerande for ein effektiv og sikker skuletransport, samt for born og ungdoms moglegheit til å delta på aktivitetar etter skuletid. Avgangar på ettermiddag/kveldstid vil sikre at ungdom kjem seg heim etter aktivitetar andre stader

Ferja har dei siste åra opplevd auka pågang frå større turistselskap som vil frakte busslaster med turistar over fjorden, noko ferja pr. i dag ikkje har kapasitet til.

Parkering

Framover er det også venta stor auke i turisttrafikken til Ornes Stavkyrkje som følge av cruisekaien i Skjolden. Det er også venta ein auke i bobilutistar grunna nærliken til nasjonal turistveg over Sognefjellet (Rv55). Dette gir behov for utbetringar, då parkeringstilhøva og kapasiteten i både Solvorn og på Ornes er utilstrekkelige per i dag. Betre parkeringsforhold i Solvorn er viktig for at besökande til Ornes skal kunne reise utan bil. Det styrkar ferjedrifta pga. større passasjertal pr. overgang, samstundes som det bidreg til redusert biltrafikk på Ornes. Redusert biltrafikk gjer at det blir mindre støy og parkeringskaos på Ornes. Stadkjensleprosjektet peikar på at opplevelinga av stilla er sentrale kvalitetar ved Ornes, samstundes som Notat 2-2011 peikar på at gåturen frå ferjekaien til Stavkyrkja gir dei besökande ei verdifull meiroppleveling.

Beredskap

Ornes og Sørsida har ikkje stasjonært brannvesen. Næraste brannberedskap er Hafslo. Utrykkningstid til Ornes er minimum 25 minuttar, avhengig av om ferja er i ordinær rutekjøring eller ligg i beredskap.

Alternativ tilkomst tek ca. 50 minuttar via Skjolden og sørsidevegen. Lokal førsteinnsats bør styrkast. Det vil spesielt vere viktig ved stengde vegar og når ferja ikkje er i beredskap.

Ved akutte hendingar er nærmeste stasjonerte ambulanse i Gaupne. Kjøretid ca. 30 minuttar via Solvorn, dersom ferja ligg klar, alternativt ca. 50 minuttar via Skjolden og sørsidevegen. Luftambulansen er eit alternativ. Vidareføring av lokal beredskap er viktig for tryggleiken.

Oppsummering

Ferja er viktig for småbarnsfamiliar, beredskapen og næringslivet og turismen på Ornes. Vegen rundt sørsida er lang, og for mange utfordrande å køyre på. Størstedelen av dei besøkande til kyrkja kjem via ferja. For å sikre tilgjengelegheta til kyrkja som verdsarvobjekt er det viktig med ei funksjonell ferdsselsåre og tilstrekkelig med parkeringsplassar både i Solvorn og på Ornes. Aktuelle tiltak er føreslege i handlingsdelen.

2.9 Buffersone – omsynssone

Buffersone kan nyttast for å oppnå fleire ulike mål. Målet med forvaltningsplanen er å vurdere om området har tilstrekkeleg beskyttelse for å ivareta kvalitetane ved verdsarvstaden Urnes stavkyrkje.

I tillegg til kvalitetane ved sjølve kyrkja er og omgjevnadane nemnde i innskrivinga. Når vi ser det i samanheng med opplevingane til dei besökande, gir det eit meir komplett bilet av kva for trugsmål som må takast med i vurderinga. I stadkjensleprosjektet er det i spørjeundersøkinga avdekkat at dei vitjande i hovudsak opplever Ornes i høve til:

- a) Stilla og ro.
- b) Ei vakker naturleg ramme og ein heilskap mellom kyrkje og gardar
- c) Ei kjensle av historie med stavkyrkja i fokus.
- d) Guidane i kyrkja og kafévertskapet vert opplevd som positive og engasjerte.
"Rein luft, flott landskap og harmoni"
"Rolid og idyllisk stad"
"Kjensle av den gamle historia til plassen"
"Den naturlige settinga. At folk tek vare på landskap og gardar"

Dette vert støtta av fagnotat som er utarbeid (Notat 2-2011). På grunnlag av det kan vi slå fast at stavkyrkja er avhengig av eit aktivt bygdesamfunn som også bidreg til å vedlikehalde omgjevnadane.

I gjennomgangen av dokumenta og samtalar med innbyggjarane går det fram at omgjevnadane ikkje har akutte planlagde trugsmål, men meir indirekte i form av endringar i omgjevnadane pga. fråflytting, nedlegging av landbruksdrift og eventuell brann i bygningar og landskap.


Andre trugmål kan vere i form av søknadar om større og uheldig plasserte landskapsinngrep, som t.d. høgspentrtraséar, treslagsskifte, skogsbilvegar o.a.

Delar av områder er definert som kjerneområde landbruk – kulturlandskap. Det gir ei ekstra merksemd på ivaretaking av landskapskvalitetane i desse delane av fjordlandskapet. Elles er det ikkje formelle planføremål som gir fjordlandskapet noko ekstra aktesemd i høve landskapsinngrep.

I forslag til tiltak er det døme på behov som kan løysast snarleg og relativt enkelt, og som kan gjerast uavhengig av forvaltningsplanen. Desse er gjerne tiltak som ligg innafor eksisterande handlingsrom til partane i områder. Bruk av eksisterande tilskotsregime som t.d. fylkeskommunale utviklingsmidlar, kultur, næringsfond og SMIL kan nyttast. Mange av desse midlane skal vere tilgjengeleg for fleire type søknadar, og kan ikkje prioritere Ornes med omogn ut over det eksisterande retningsliner tillet. Nye politiske prioriteringar og auka pott vil vere føremålstenleg.

For nokre tiltak vil det vere viktig med forankring i dei aktuelle organisasjonane om grunnlag for nye tiltak. Desse er føreslege som tiltak i handlingsdelen. På nokre område er utfordringane av ein slik art at det løysast best gjennom langsiktige og føreseielege rammer. Nokre av desse kan løysast gjennom partnarskapsavtaler. For innbyggjarane generelt, gardbrukane spesielt og andre eksisterande og framtidige næringsaktørar kan etablering av buffersone vere til hjelp. Det føreset at buffersona gir betre avklaring av rammevilkåra for området. Buffersona kan difor ikkje berre innehalde avgrensingar og verneføresegner/-retningsliner, men minst like viktig er positive virkemidlar i form av satsingar på næring, bustad, tilskot som gir lønsemd for kulturlandskapspleie mm.

Fagrapporten føreslår å opprette ei buffersone rundt stavkyrkja for å sikre at den vert godt ivaretak i det store landskapsrommet også i framtida. I framlegg om buffersone er det teke utgangspunkt i kyrkja og korleis landskapsrommet vert oppfatta frå den. Vidare er det teke omsyn til landskapsopplevinga knytt til tilkomsten til Ornes frå Solvorn, Skjolden og fjorden. Dei som kjem inn fjorden med båt vil få ei anna oppleving av kyrkja og landskapsrommet. Den same sona bør og takast med i revisjon av kommuneplanens arealdel saman med utforming av retningsliner. Fagrapport 1-2009 har framlegg til retningsliner som kan nyttast som grunnlag.



Figur 17. Framlegg til felles buffer- og omsynssone.

Viktig tillegg til arealbruksstyring er å definere positive verkemidlar som bidreg til å oppretthalde busetnad, næringsliv, gardsdrift og kulturlandskapspleie. Denne endelige sona bør difor nyttast som grunnlag for å gi område likestilte vilkår som verdsarvfjordane. Det vil innebere godkjenning på departementsnivå. Vidare vil det vere føremålstenleg å be riksantikvaren søkje UNESCO om mindre grenseendring, der denne buffersona vert teke inn som offisiell buffersone til verdsarvstaden Urnes.

Oppsummering

For å sikre at det ikkje blir sett i verk store tiltak som kan få visuelle, eller andre openbare negative konsekvensar, for opplevinga av verdsarvobjektet er det eit ynskje å etablere ei felles buffer- og omsynssone. Omsynssona skal gjere landskaps- og arealforvaltninga meir føreseieleg. Buffersone bør kommunen og fylkeskommunen vedta som grense for forvaltningsplanen, og som grunnlag for Riksantikvarne ved regjeringa å melde inn til Unesco. Aktuelle tiltak er føreslege i handlingsdelen.

Vedtak

Luster kommune

Luster kommune

Saksnr.: Utval	Møtedato
135/12 Formannskapet og næringsutvalet	19.09.2012
69/12 Kommunestyret	27.09.2012

Forvaltningsplan Ornes.

Arkivsak:
09/664

Sakshandsamar:
Arne Ingjald Lerum

Arkivkode:
143 L

Rådmannen si tilråding:

Luster kommunestyre viser til framlegg til forvaltningsplan for områda rundt Urnes stavkyrkje.

Luster kommune sluttar seg, med unntak av det som er nemnt nedanfor, til forvaltningsplanen.

Luster kommune vil nytte planen som grunnlag for arbeidet med å sikre verdsarvsobjektet Urnes stavkyrkje, og å utvikle området knytt til stavkyrkja med tanke på å ivareta heilskapen i området.

Kommunestyret vil ikkje tilrå at det blir sett i verk vesentleg tiltak knytte til veg/trafikk før det er utarbeidd ein trafikkanalyse som grunnlag for framtidige trafikkløysingar, parkering m.m., for aksjen Galden – Solvorn - Ornes – Skjolden.

Formannskapet og næringsutvalet 19.09.2012

Sak : 135/12

Handsaming:

Rådmannen si tilråding vart samråystes vedteken.

Vedtak:

Luster kommunestyre viser til framlegg til forvaltningsplan for områda rundt Urnes stavkyrkje.

Luster kommune sluttar seg, med unntak av det som er nemnt nedanfor, til forvaltningsplanen.

Luster kommune vil nytte planen som grunnlag for arbeidet med å sikre verdsarvsobjektet Urnes stavkyrkje, og å utvikle området knytt til stavkyrkja med tanke på å ivareta heilskapen i området.

Kommunestyret vil ikkje tilrå at det blir sett i verk vesentleg tiltak knytte til veg/trafikk før det er utarbeidd ein trafikkanalyse som grunnlag for framtidige trafikkløysingar, parkering m.m., for aksjen Galden – Solvorn - Ornes – Skjolden.

Kommunestyret

27.09.2012

Sak : 69/12

Handsaming:

Framlegg frå SP, Krf, Frp, V og H v/ Terje Bakke Nævdal:

Luster kommunestyre viser til framlegg til forvaltningsplan for områda rundt Urnes stavkyrkje.

Urnes stavkyrkje og området rundt er eit nasjonalt fortidsminne, der kommunen forventar at staten ved Riksantikvaren sikrar ønska utvikling.

Luster kommune er positiv til å sikre området etter plan og bygningslova i samsvar med plan. Tiltak som krev investeringar eller tilskot vil kommunen vurdere ut frå prinsippet om spleislag der Riksantikvaren og fylkeskommunen deltek med ein vesentleg del av dei økonomiske kostnadene.

Kommunestyret vil ikkje tilrå at det blir sett i verk vesentleg tiltak knytte til veg/trafikk før det er utarbeidd ein trafikkanalyse som grunnlag for framtidige trafikkløysingar, parkering m.m., for aksjen Galden – Solvorn - Ornes – Skjolden

Framleggget frå SP, Krf, Frp, V og H vart samrøystes vedteke.

Vedtak:

Luster kommunestyre viser til framlegg til forvaltningsplan for områda rundt Urnes stavkyrkje.

Urnes stavkyrkje og området rundt er eit nasjonalt fortidsminne, der kommunen forventar at staten ved Riksantikvaren sikrar ønska utvikling.

Luster kommune er positiv til å sikre området etter plan og bygningslova i samsvar med plan. Tiltak som krev investeringar eller tilskot vil kommunen vurdere ut frå prinsippet om spleislag der Riksantikvaren og fylkeskommunen deltek med ein vesentleg del av dei økonomiske kostnadene.

Kommunestyret vil ikkje tilrå at det blir sett i verk vesentleg tiltak knytte til veg/trafikk før det er utarbeidd ein trafikkanalyse som grunnlag for framtidige trafikkløysingar, parkering m.m., for aksjen Galden – Solvorn - Ornes – Skjolden.

Sogn og Fjordane fylkeskommune



SOGN OG FJORDANE FYLKESKOMMUNE

Saksprotokoll

Organ: Fylkestinget

Møtedato: 11.12.2012

Sak nr.: 07/2608-70

Internt 1.nr. 42749/12

Sak: 58/12

Tittel: Forvaltningsplan for Ornes

Behandling:

Dette gir følgjande endeleg vedtak:

1. Forvaltningsplanen for Ornes i Luster, slik den ligg føre i vedlegg 1, vert godkjend.
2. Planen vert styrande for fylkeskommunen sine innspel og vurderingar i det vidare arbeidet med forvaltning og utvikling av området.

Vedlegg og kjelder

Vedlegg:

1. Sluttrapport Urnesprosjektet, 2008
2. Fagrapport 1-2009 Aurland naturverkstad
3. Stadkjensleprosjektet 2009, Aurland naturverkstad (vedlegg i fagrapport 1-2009)
4. Utdrag fra fagrapporten til forvaltningsplanarbeidet for Solvorn, 2012
5. Skjøtselsplan del 1 2011, Aurland naturverkstad
6. Notat 1-2011, Makro-Meso-Mikro Ornes synfaring, registrering..., Mona Steinsland
7. Notat 2-2011, Samfunnsrom og møtestader Siren Skråmestø Juliussen og Mona Steinsland
8. Notat 1-2012 Kulturlandskap, Arlen Bidne og Truls Folkestad
9. Notat 2-2012 Kulturminne, Arlen Bidne
10. Aktuelle kjelder for tilskot mv. 2012
11. Retrospective Statement of Outstanding Universal Value, Urnes Stave Church
12. Vedtak med saksutgreiing Luster kommune
13. Vedtak med saksutgreiing Sogn og Fjordane fylkeskommune

Andre kjelder:

Leif Hauge og Ingvild Austad SFDH 1989 *Kulturlandskap og kulturmarkstypar i Luster kommune*

Strategi- og handlingsplan 2003–2006 *Kulturlandskap i Sogn og Fjordane*

Direktoratet for naturforvaltning, Naturbase dokumentasjon Biologisk mangfold BN00016535,
Kirsebærberga

Fylkesmannen i Sogn og Fjordane *Luster kommune: Kjerneområde landbruk – Kulturlandskap Sørsida; Feigum – Ornes*

Høyringsdokument «Ny helehetlig verdsensarvpolitikk» MD mars 2012

Reguleringsplan for Ornes datert 28/8 -1997

Kart: Fylkesatlas